

Julemusikk på Rosendalstunet.

22.12.2020



Det vart skikkeleg julestemning då veteranissane spelte på Rosendalstunet.

To dagar før julafstan tok veteranissane i Uskedal musikklag med seg deler av julerepertoaret sitt til Rosendalstunet og skapte julestemning for bebruarane der. På grunn av koronasituasjonen måtte konserten føregå utandørs, medan det takkame publikumet var plassert innandørs med utsikt gjennom vidauge på gløtt, og applauerande klapping hadde dei med.

På grunn av det usikre veret var både dato og tidspunkt lausleg plassert, og etter detaljerte vermeldingar vart tidspunktet for konserten flytta ein halvtime fram i høve til opphaveleg plan. Det viste seg å vera fullklaff. Med berre nokre vindkast og opphaldsver frå konserten starta kl.11.30 til musikarane hadde spelt dei 11 nummera. Derimot vart bandmedlemmene møtt av regnbygger som slo i mark då dei køyrdde på heim.

Konserten bestod i hovudsak av gamle, gode og kjære julesongar frå salmar til Prøysen, men det var også innslag av nyare julemusikk som Holly Jolly Christmas.. Konserten vart avslutta med Deilig er jorden slik det er svært vanleg på julekonsertar.

Konserten blei ei kjærkommen juleoppleveling, ikkje berre for publikum, men også for musikarane. Førjulstida og julekonsertar er eit viktig og årvisst innslag for svært mange musikarar, og det pleier å vera ein svært travel periode. I år har det vore annleis. Veteranane i musikklaget har hatt tre konsertar med julemusikk, og alle har føregått utandørs. Kanskje det også blir sett ekstra pris på av den grunn?

Ekstra kjekt var det at to tidlegare sentrale musikkarar i Uskedal musikklag var blant tilhøyrarane i dag. Kornettist Alfred Eik hadde mange sesongar m.a. på esskornett, og i tillegg var han dirigent i Guttemusikken. Harald Snilstveit hadde althorn som sitt instrument, og han var også formann i jubileumsåret 1986(50 år). Begge hadde stor glede av dagens konsert.

Det er alltid kjekt å glede beubarane på tunet med musikk. Vi får tilbakemeldingar om kor mykje det betyr for dei. Og det betyr ekstra mykje for dei i desse tider når det er stillare med aktivitetar frå aktørar som kjem utanfrå. Veteranbandet har vore der ein gong tidlegare i pandemiperioden. Også i midten av juni hadde dei utekonsert der.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Vegard Døssland